



Notat

Dato: 09.01.2015
Arkivsak: 2014/20376-6
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fotgjengarfelt i Fv 179 Steinsvikvegen - Nye registreringar og vurderingar - Oppfølging av RS 103/14

På møte i samferdselsutvalet 20.08.14 sette representanten Gustav Bahun (Frp) fram følgjande oversendingsforslag:

«Fotgjengarfelt på Steinsvikvegen»

Dette er ein fylkesveg som det er 60 km/t på. Det finst ikkje fotgjengarfelt over denne vegen og veldig mange barn(!), unge og vaksne spring over vegen kvar dag. Dette gjer de for å nå busstoppet som er på andre sida av vegen eller for å bruke badestranda, naust eller småbåthamna. Spesielt på sommaren er det veldig mange barn som spring over vegen for å bada. Det har vore mange nestenkollisjonar her og mange bilistar held desverre mykje høgare fart enn 60 km/t.»

Svaret på oversendingsforslaget vart lagt fram på møte i samferdselsutvalet 22.10.14 som RS 103/14.

I RS 103/14 viser Statens vegvesen at dei vil kome attende med orientering når nye registreringar og vurderingar ligg føre. Resultatet av registreringane og vurderingane ligg no føre i brev av 06.01.15 frå Statens vegvesen (sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til vedlegget frå Statens vegvesen med dei nye registreringane og vurderingane og har elles ikkje nokon merknader.